



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 3, 59. ÅRGANG, 2020



Konfirmantar i Øystre Slidre 2019-2020

FORAN FRÅ VENSTRE: Kristine Trandokken, Magnus Myhre Windingstad, Ørjan Goflebakke Lyseng, Anette Høgsnes, Ingrid Håvarsdotter Dalbø, Herman Müller, Synnøve Dahle, Jon Sebastian Melby, Gjermund Kjørli, Kristoffer Helle Steinsrud og Eli Vatn

BAK FRÅ VENSTRE: Jasmine Vega Wangen, Emilie Stanes Høe, Hedda Nyhagen, Silje Christine Onstad Evensen, Isak Kristianson Fjellstad, Magnus André Brusveen, Bjørnar Skrebergene Hamre, Ina Pettersen-Dahl, Aurora Bakke Vestheim, Ane Robøle Fegri og Martin Jørstad Ringli.



Takksam!

I skrivande stund er eg i gang med å førebu preika til den andre av tre konfirmasjonssundagar! Spente, trivelege og glade

konfirmantar kan endeleg bli konfirmert, samle sine rundt seg, om enn i eit avgrensa tal i kyrkja. Vi har vigd par, om enn nokre færre enn planlagt og vi døyper born, mange born. Det er glede, det er fest, det er spesielle tider og vi tilpassar oss!

Eg har hatt flotte opplevingar på stolar, hytter, laurdagar med ekstragudstenester i kyrkjene for å få døypt ungane med dei smitteverntiltaka vi må følgje. Det er stas, det er glede og det er fleksible og tenestevillige medarbeidarar, tilsette og rådsmedlemmar som har teke utvida oppgåver som kyrkjevertar.

Det er og meir delaktige dåpsfølgje sidan vi må ha hjelp til fleire oppgåver. Vi treng nokon til å bera kors, til å helle i dåpsvatn, til å tenne lys. I denne spesielle tida der mange ting har blitt annleis, har vi og fått fantastiske opplevingar; som då storebror gjekk føre dåpsprosjonen med kubjolla rundt halsen, då heile kyrkjelyden vart «døypt» på stølsmessa.

Med alt smittevern; spriting, vasking, ekstra gudstenester, usikkerheit, kansellering har denne skuta



Frå dåp i Olægeret. Ola ringte inn med kubjolla. Vesle Håkon i storesyster Mari si famn.

Foto: STEINAR DAHLEN

som kyrkja i Øystre Slidre er, gått støtt og vi har kjent på kva for eit fabelaktig, fleksibelt og festleg lag vi er! Tusen takk til dykk alle! Og enda har vi mykje godt i vente!

- Eli



På Beitostølen - Berit og Martin Garsed
Foto: INGRID OG JOHN MEYRICK.

Martin Garsed er født og oppvaksen i Argentina med engelske foreldre. Der møtte han Berit frå Horten, som jobba i utanrikstenesta. For nokre år sidan arva ho ei hytte på Beitostølen der dei har vore fleire månader i året no i over 10 år. Her har dei engasjert seg i bygdesamfunnet og har stor kontaktflate med mange både på Liastølen, Hilme-stemnet og ikkje minst i kyrkjelege samanhengar. Dei var også med på pilegrimsvandringa ved Hegge-jubileet.

Martin har vore fastlege, psykoterapeut, lege ved eit hospice og medlem av bønne-og heilingsteamet ved All Saints Church i Whitstable, i Sørøst-England.

No er dei baa pensjonistar, men framleis engasjert som frivillige i mange samanhengar.

Her saksar vi noko han skreiv i sitt lokale kyrkjeblad like etter at Covid19 var eit faktum over heile verda i mars.

La oss kaste ordenes lys på vår frykt.

AV: MARTIN GARSED

OVERSETT OG BEARBEIDD AV : INGRID OG JOHN MEYRICK.

«LA OSS KASTE ORDENES LYS» på vår situasjon nå og hva vi føler og tenker i disse usedvanlige tider.

Som individer er vi alle forskjellige, enestående, men likevel har vi mye til felles. I mitt arbeid over mange år har det vært viktig å gjøre det mulig for de jeg jobbet med at de fikk sette ord på sin situasjon uansett hva slags utfordringer livet hadde gitt dem.

Hvis vi slipper følelsene våre løs, spesielt når vi har det vanskelig, kan de løpe løpsk slik at vi ikke lenger kan fungere og vi mister grepet på virkeligheten. Å sette ord på hva vi føler, hva vi frykter ved å dele med andre eller skrive det ned, kan hjelpe oss mye. Det kan være en god begynnelse til å ta tilbake kontrollen og føle oss tryggere, selv om vi ikke løser problemet vi står oppe i. Det hjelper oss å temme våre demoner.

I realiteten er mange av disse situasjonene «paradoksale». Det finnes alltid en annen - og kanskje mer positiv - dimensjon ved mange av situasjonene. Og disse har vi ofte tapt av syne. Vår oppgave er å få alt på plass igjen inn i et «klarere lys» og finne en balanse som hjelper oss å komme videre.

Her er noen eksempler på vanskelige situasjoner som kan møte oss i disse utfordrende tider - og noen forslag til hvordan vi kan møte dem:

ISOLASJON

- Vi er sosiale vesener, derfor er det svært utfordrende å være isolert, spesielt hvis man er enslig. Prøv å tenke på alle de små tegn du har fått fra dine næreste og kjære på at du hører til i en sammenheng. Tenk på familie og venner, bruk telefonen, sosiale medier, e-post for å beholde kontakten. Du kan også gjør noe så gammeldags som å skrive brev eller sende kort.

INNESTENGT

- Uansett hvor innestengt vi har blitt er vi fortsatt frie til å reise i våre tanker, tenke på gamle turer, eller planlegge nye turer og ferier. Skriv en minnebok for de yngre.

STILLHETEN kan forårsake angst, men den støyen som omgir oss til vanlig kan

også være foruroligende. Nyt stillheten i sinnet og hjertet. Hvil i stillheten.

FRARØVET ALT

- Jeg opplever at jeg har mistet min normalitet. I stedet for å dvele og drukne i denne følelsen, kan du notere alle de små ting du må gjøre og uttrykke takknemlighet for dem.

Som kristne kan vi tilføye en annen dimensjon til den situasjonen vi befinner oss i og de spørsmål som oppstår.

MITT LIV HAR STOPPET OPP

- Vi kan føle at bunnen har falt ut av våre liv, men vi vet at Gud holder oss i sin hånd hver dag uansett hva som skjer. Prøv å be på en mer kontemplativ måte slik at du hviler i nuet, i Guds nærvær. Prøv dette i fem eller ti minutter to ganger om dagen.

Bruke et bibelsitat, et bilde, et kors og et levende lys (Blås det ut ved slutten av meditasjonen!) Det vil hjelpe å holde deg fokusert.

ADSKILT FRA KIRKEN OG GUDSTEJENESTEN

- Likevel er hver eneste en av oss et hellig sted. Hele Guds skapelse rundt oss er et hellig sted. Ingenting skiller oss fra det hellige i og rundt oss og fra Guds skapende kjærlighet. (Romerbrevet 8:38-39).

FRYKT

- Vi frykter å dø eller at noen av våre kjære skal dø. Likevel er vi kalt til å leve i håp og tillit til våre alltid elskende skaper og hans offer for vår frelse. Han gråter for oss, vasker våre føtter, ble pisket, hang på korset og døde for hver eneste en av oss.

JESUS KOMMER GJENNOM VÅRE LÅSTE DØRER

- Når de redde disiplene hadde forskanset seg bak lukkede dører, kom Jesus likevel til dem gjennom disse dørene. (Johannes 11, 35). Tvil ikke. Han vil komme gjennom våre lukkede dører også i disse usikre tidene.

LA OSS BE: Å dø og å få et nytt liv er en del av din plan, Gud. Styrk vår tro og vår tillit til deg. Ta vare på alle som strever i denne vanskelige tiden. Din nåde og fred være med oss alle.

AMEN



DEN NORSKE KYRKJA

ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret, Tingvang
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes
E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no
KONTORTID: Alle dagar 10 - 14

Dagleg leiar	OVE EKERBAKKE	61 35 25 76
Sokneprest/fjellprest:	ELI VATN	991 29 976
Prost:	CARL PHILIP WEISSER	915 55 504
Sekretær:	ODDVEIG HOLDAL WEEG	61 35 25 78
Kyrkjegardsarbeidar:	JON GUNNAR SOLHAUG	61 35 25 80
Kyrkjemusikar:	MAGNE OLAV SELLAND	934 19 294
Menighetspedagog:	ELLEN ODDVEIG RUDI	948 65 195

PÅ KYRKJEVEG - Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar er sokneråda i Øystre Slidre.

REDAKSJON:
Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick og
Oddveig Holdal Weeg.

Bladet kjem med 4 nummer i året.
LAY-OUT: designsaskia.no
TRYKK: Bekkevolds Lyskopi ANS
KONTO NR.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751

FRIST FOR INNLEVERING AV STOFF TIL NESTE
NUMMER: 3. NOVEMBER 2020

FRAMSIDE: Konfirmanter i Øystre Slidre 2019-2020.
FOTO: Fotograf Christine Stokkebryn.

LIDAR KYRKJE	Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
VIPPS: 135151	Kyrkjetenar: Harald Melby Reinhaldar: Harald Melby Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie
HEGGE KYRKJE	Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser
VIPPS: 515422	Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug Reinhaldar: Synnøve Rødningen Soknerådsleiar: Arnstein Alund
VOLBU KYRKJE	Klokkar: Hildur Vingdal
VIPPS: 590221	Kyrkjetenar: Svein Hegge Reinhaldar: Svein Hegge Soknerådsleiar: Bjørg Kristin Skogen Opheim
ROGNE KYRKJE	Klokkar:
VIPPS: 587467	Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne Reinhaldar: Svein Erik Rogne Soknerådsleiar: Eli Døvresødegård Skattebu

Arven

Han har kila inn verdivandringa med meg mellom budsjettmøte og det varsla regnværet! Eg spurde ikkje ein gong kor vi skulle starte vandringa vår; det ga seg sjølv: ved Lidar kyrkje.

Vi parkerer på nedste parkeringsplass og tek inngangen inn til nedre del av kyrkjegarden. Vi ser utover Hedalsfjorden, bort til Ekerbakke og deler nokre tankar om å høyre til.

Fint å komme hit, seier Ove, lenge sidan sist eg besøkte mor mi.

Vi finn gravsteinen, hennar namn på framsida; fleire generasjonar Ekerbakke på det som no har vorte baksida. Og dei er med framleis i minnene; om mor når til dømes spørsmål knytt til oppseding av eigne ungar kjem opp. Ove har eit spesielt minne knytt til oldefaren:

- Oldefar var oppteken av at arven skulle fordelast rettferdig; han hadde stelt alt opp. Eg som eldste oldebarnet, odelsguten, kom fyrst fram og vart tildelt kristneteppe som oldemor hadde laga. I generasjonar var det brukt ved dåp og gravferd. Tanken var vel kan hende at det skulle verta verande på garden. Dåpskjolen er og eit arvestykke som generasjonar har brukt, også vi til våre born. Den er framleis på garden hos Leif.

Vi rusler oppover og eg spør:

- Men det vart ikkje du som tok over garden?
- Nei! - eg er glad i dyr, men er ingen praktkar. Det ville berre bli halvveges. Eg sa til bror min Leif at om han ville forsøke å drive garden skikkeleg skulle han få ta over, og det gjorde han. Han er flink. Det var det rette valet, - men det er òg litt sårt.
- Det er rart med slike forventningar som har ligge der heilt frå barnsbein, ei oppgåve, ein arv, ei slags god tyngde, tenkjer eg høgt.
- Ja, det høyrer forventningar til å høyre til, fullfører Ove.

Oppe på øvste platå ved den nylaga minnelunden og med enda vidare utsyn, går tankane til Beitostølen; nye generasjonar øystreslidringar som ikkje har generasjonar av forfedrar buande her.

- Eg har av og til kjent på ei motsetning mellom nyare og eldre bebuarar; og kan hende ikkje minst mellom turistar og fastbuande. Kva tenkjer du om at Lidar kyrkje blir overfylt av turistar på julekvelden for eksempel?

- Ove har aldri kjent på Beitostølen som nokon trussel. Det er der det sosiale livet også vert levd for mange her i Skammestein.

- Eg har vore oppteken av spørsmålet om å forvalte arven sidan eg vart fjellprest. Eg trur at den dagen du har noko å gje vidare; då kjenner du at du eig; når du eig trygt nok til å



Ove ga frå seg odelsretten men kyrkjaarven forvaltar han vidare.

by på; vera vertskap!

Ove tek tanken vidare på sin måte:

- Ein arv er ikkje noko du eig; det er noko du forvaltar for å kunne gje vidare til neste generasjon på ein gard. Eg likar å dele det eg er glad i. Eg vil for eksempel gjerne dele musikk-gleda mi med Eirunn, forloveden min; sjølv om ho kan hende har ein annan musikksmak (smiler han sjølvironisk). Det er ei glede i å kunne gje ei glede vidare. Kyrkja er eg glad i, og den gleda vil eg gjerne dele.

Ferda går vidare bortetter vegen til farsgarden. Det har



Kristian og Ove med utsikt til Lidar kyrkje, litt i skjul av trea!

skjedd nokre forandringar, ein låve er reven, eit stabbur flytta på. Høner og eit par grisar gjer hønemorpresten glad.

- Er det sårt at det er annleis undrar eg?

- Nei, det er fint å sjå at det fungerer, at det er i utvikling og forandrar seg. Endring er livet og stillstand er det motsette. Det er å sjå at det vert teke vidare.

Vi vert budne på kaffe (Pepsi til Ove) nede hos far Kristian.

Der ved kjøkkenbordet ser vi bort på kyrkja; ho har alltid høyrte til utsikta frå Ekerbakke, høyrte til familiens omsorg og ansvar gjennom bestefar Ola og onkel Magne som var kyrkjetenar, far Kristian, mor Sigrunn og seinare bror Leif i soknerådet. Kyrkja var nok meir synleg den gongen; no kan vi berre så vidt skimte henne bak trea.

I bilen nedover avrundar vi samtalen med at eg spør:

- Kva for verdi tenker du at kyrkja har i bygda; og kva for verdi vil du ho skal ha i framtida?

- Ho er særst viktig i dei store hendingane i livet; når ein får ein unge, i overgangen til å verta vaksen; når ein finn nokon å dele livet med; når nokon døyr. Då treng vi henne!

- Og vidare; kor vil du lede henne?

- Eg vil gjerne at ho og skal vera meir synleg i kvardagen til folk også. Jostein Enger sette i gang «Mandagsmiddag» i Tingnes kyrkje. Eg slengde meg med på det; der var vi nokre mannfolk som laga mat og så kunne folk for sjølvkost koma og eta middag. Familiar med born, eldre, åleinebuan-de. Det var moro; og så populært at vi måtte ha påmeldingsliste. Noko slikt for eksempel....

Ja, eg trur bygdene våre kan trenge slike møteplassar tenker eg; vi må kan hende rydde fram kyrkja for meir enn skogvokster.... Mandagsmiddag du...

MIN SALME



MITT HJERTE ALLTID VANKER

Salmeboken inneholder mange flotte salmer som jeg liker å synge. Når jeg hører eller synger en sang eller salme, legger jeg nok mer vekt på melodien enn teksten, og dette preger også valget av «min salme». En god melodi skaper gode følelser. Når det er sagt så må melodien ledsages av en tekst som passer slik at tekst og melodi blir en helhet.

«Min salme» er «Mitt hjerte alltid vanker», skrevet og komponert av den danske biskopen og salmedikteren Hans Adolph Brorson i 1732. Han ga ut et hefte med 7 julesanger, og 4 av de brukes i dag. De 3 øvrige er «I denne søte juletid», «Her kommer dine arme små» og «Den yndigste rose er funnet».

Salmen har en vakker og uttrykksfull svensk folketone.

Øystre Slidre musikkorps, hvor jeg er medlem, har spilt den en rekke ganger og er for meg «balsam for sjelen».

Arnstein Alund

Mitt hjerte alltid vanker
I Jesu føderom,
Der samles mine tanker
Som i sin hovedsum.
Der er min lengsel hjemme,
Der har min tro sin skatt;
Jeg kan deg aldri glemme
Velsignet julenatt!

Akk, kom jeg opp vil lukke
Mitt hjerte og mitt sinn
Og full av lengsel sukke:
Kom, Jesus, dog herinn!
Det er ei fremmed bolig,
Du har den selv jo kjøpt,
Så skal du blive trolig
Her i mitt hjerte svøpt.

Jeg gjerne palemgrene
Vil om din krybbe strø,
For deg, for deg alene
Jeg leve vil og dø.
Kom, la min sjel dog finne
Sin rette gledes stund,
At du er født herinne
I hjertets dype grunn.

Stølsmesser

– Rolistølen

12. juli Hegge sokn

tekst og foto: Liv Astrid Reinlie

Anne Berit Bolstad inviterte til stølsmesse på heimstølen sin på Rolistølen. Tradisjon tru var det denne gongen også lagt opp til ei lita vandring i nærområdet, no med tema «Tre og skog».

Tor Lunnan vart med på turen og fortalde om det dei såg i skogen. Nokon «såg» levande for seg korleis trea vart verna under opprusting av veggen.

Til stølsmessa etterpå kom vel 50 stk, som alle vart take godt imot. Anne Berit fortalde om korleis det var å vekse opp med kyr og levande drift på

denne stølen, som no er nedlagd. Gunvor Hegge hadde take med seg langeleiken, og spela fine tonar for oss under messa.

Temaet «tre og skog» gjekk att i prest Eli si gudsteneste, og vi fekk alle ei fin stund med naturen som bakteppe. Etterpå var det traktering ved fleire frå soknerådet, og alle kosa seg i sola. Ei fin stund for oss alle.



– Lie

2. august Rogne sokn

tekst og foto: Lina og Kjetil Hovi

Vi såg fram til å halde messe på stølen vår på Lie i solskinn og med Mellane fint i bakgrunnen.

Men slik vart det ikkje denne sundagen. Messa starta kl. 12, og då starta regnvêret også – det var ingen sol eller melle å sjå. Kjetil og Ola Birger tok vel imot ved grinda. Her fekk alle handsprit og vart registrert med namn og telefonnummer.

Høgtidleg var det med bunadkledde gjester, for her skulle det vera dåp. I alt 60 møtte fram på stølsvollen.

Prost Carl Phillip Weisser held messe og tala om fjelltur og dårleg vêr, noko som passa bra denne dagen. Magne Olav Selland spelte fele til salmane. Med dåpssalmen «Fylt av glede over livets under, med et nyfødt barn i våre hender» vart Lucas René Bolstadbråten døypt ute i det fri i den største katedralen, som Weisser sa. Systema Oline Andrea syntes det var heilt greitt med utemesse og regnvêr. Det vart ein fin og minnerik dag for oss alle.



Etter messa var det som seg hør og bør traktering. Etter drøfting med arrangørane vart det til at kyrkjelyden fekk kyrkjekaffi inne i sælet. Det var godt å koma inn og det vart ei hyggeleg stund.

Takk til Weisser, Selland, til Miriann og Ole Andre som valde å ha dåp her, soknerådet, til alle som baka kake og til alle som kom. Det var stor stas å bli spurt om å halde messe på stølen vår!

”

Stølsmesse i naturens katedral.

Eli Vatn

– Øystre Hedalsstøl

9. august Lidar sokn

tekst og foto: Sissel Dahle Lie

49 personar var samla i strålende solskin. Arnfinn Beito fortalte først litt om stølslaget, som har 3 aktive stølar no, to med kyr og ein med geit. Han peika på viktigeita av å ha stølar, med tanke på kulturlandskapspleie og for at neste generasjon skal finne det attraktivt å drive vidare.

Han drog og linjene langt tilbake i tid og forklarte om kvifor nokre stølar har både heimstøl og langstøl, medan andre berre har ein støl.

Messa start med at Magne Olav spelte munnharpe.

Eli starta gudstenesta med å samanligne naturen med ein katedral, og katedralen

synte seg frå si beste side denne dagen. Eg vel å oppsummere Eli si preike med desse stikkorda: smilet, barnet, relasjonar, vårt forhold til Gud, vissheita om tilgivelse og gjenoppretting av relasjonar. Salmesongen vart akkompagnert av Magne Olav på hardingfele, eit instru-

ment som passar godt inn i stølsmiljøet. Etter messa var det kyrkjekaffe som seg hør og bør. Tove Grete baud på kvikako og rømme, soknerådet stilte med kaker og kaffe. Alt gjekk føre seg etter gjeldande smittevernrelar. Takk for ei fin stund.



– Berset

16. august Volbu sokn

tekst: Liv Skjel

foto: Bjørg Kristin Skogen Opheim

Flagget vaia høgt og fritt på Berset denne søndagen. Det var strålende sol og vindstille då Marit og Torleif Istad ynskte ein stor kyrkjelyd - 46 med smått og stort - velkomen på stølen.

Eit fantastisk område, vidt og storslått. Godt å kvile augo på alle Synhaugane som omkransa den vakre stølen. Den gamle kubjølla kalla til messe og Torleif fortalde om stølslaget og området på ein slik måte at vi skjønna at plassen betyr mykje for folket på Istad.

Olav Magne Selland tok oss med inn i messa med vare tonar på fela. Her kom det fram ein litt artig detalj. Då spelet tok til, sto det ein heil kyrflokk oppstilt langs gjerdet. Dei var så absolutt med på messa. Ikkje ein lyd, men eg trur dei lurde på kva dette var....

Prost Phillip Weisser tok oss så med på ei messe på naturen sine premissar. 1. og 2. Mosebok om skapinga og forteljinga om



Moses som på Herren sitt bod gjekk opp på Sinaifjellet. Der han fekk steintavlene med lova og boda. Både tekst og tone var så fint samstemt, så vart og så sterkt at vi verkeleg fekk ei kjensle av å høyre til, å vere i lag. I desse coronatider betyr det mykje for oss alle.

*Herren er mitt berg og mi borg,
min utfriar,
min Gud, mitt fjell,
som eg flyr til,
mitt skjold, mitt frelsehorn
og mitt vern.*

2. Sam. 22, 2-4

Som ein tradisjonen, også her var det kyrkjekaffi. Soknerådet stilte opp med kaker og kaffi. Dette er verdfulle samankomster for soknet – og det er svært viktig for arbeidet i kyrkja. Berre smil, varme augo og ei kjensle av å høyre til prega dagen. Det vart ei heller lang messe denne dagen før alle drog heim! Vi ville at dette skulle vare – lenge. Vi i soknerådet takkar vertskap og eigar som tok så godt i mot oss. Denne strålende søndagen vart avslutta med ei omvisning på det flotte tunet.



Døypefontar i Lidar og Volbu kyrkje.

AV: SOLVEIG SANDBERG



Døypefont i Lidar Kyrkje. Foto: Saskia Aleida Van Veen

LIDAR

Frå gammalt skal det ha stått ei stavkyrkje i Midtre Hegge ved garden Li. Det skulle gå mange generasjonar før det kom opp ei ny kyrkje for denne delen av Øystre Slidre. I 1902 fekk folk i grendene her sin eigen kyrkjegard, men folk sakna framleis ei eiga kyrkje ved gravplassen. I 1932 sto endeleg Lidar kyrkje ferdig til innviing, då som kapell under Hegge sokn.

Går vi inn i kyrkja, vert vi møtt av eit lyst interiør der lokale kunstnarar og handverkarar har sett sitt preg. Dessutan har bygdefolket vore rause både når det gjeld å gje gåver til kyrkja og til å bruke av si tid til beste for kyrkja. Kunstnaren Olav K. Rudi (1893-1981) skar ut altartavla og byggmeisteren som sto for sjølve kyrkjebygget, Haldor G. Skattebo (1892-1968) laga også både preikestolen, døypefonten og kyrkjebenkane.

La oss sjå litt nærare på døypefonten. Han er laga av tre og er åttekanta. Haldor Skattebo har greidd å skapa ei form som gjev assosiasjonar til dei gamle døypefontane med djup kum. Vi kan seie at han har form av eit beger eller om ein vil, kan tankane også gå i retning av å sjå

han som eit timeglas. Døypefonten er dekorert med utskorne kors som minnar oss om sameininga mellom det jordiske og menneskelege og det himmelske. Såleis finn vi mange kors på denne døypefonten. Det var treskjæraren og gardbrukaren på Røsshauget, Knut Ø. Rudi (1913-1991), som skar dei ut. Han står også bak utsmykkingane på både preikestolen, altarskranka, kyrkjebenkane, nummertavler og brudestolar. Døypefonten er måla i blågrå og rustraude fargar medan korsa er forgylte. Målar Ivar Bakken sto ansvarleg for måling av alt inventar i 1960.

Den kanta dekkplata på toppen av døypefonten er laga med eit rundt hol til dåpsfatet. Fatet som er i sylvplett, har eit Kristussymbol, eit PX og er frå 1932. Det var ei gåve frå hoffegarmeister Thomas Fearnley og frue. Fearnley hadde frå fyrste stund støtta arbeidet for å få til ei kyrkje i Skammestein med store pengegåver. Han ville at gåvene skulle vera eit minne om stefaren, Halvor Tobias Heyerdahl, som også var den fyrste soknepresten i Øystre Slidre.

VOLBU

Volbu kyrkje er ei kvitmåla vakker lita trekyrkje som sto ferdig til bruk rundt 1830. Tidlegare hadde det stått ei stavkyrkje på staden. Dendrokronologiske undersøkingar av materialar frå denne kyrkja tek oss langt tilbake i tid. Forskarar har funne ut at ho var reist omkring år 1150. Kva for døypefont ein nytta den gongen, er ikkje godt å seie. Men det er kjent at dagens døypefont skriv seg frå 1790! Då vart det nemleg gjort store utbetringar i den gamle stavkyrkja, koret fekk himling og både taket og veggane i koret vart malte. Også altartavla som vi framleis kan gleda oss over, var ny den gongen.

Den høge og smale døypefonten er laga av tre. Han har form som eit timeglas noko som minner oss om at tida er forgjengeleg. Ser vi nøyare etter, vil vi oppdaga at både den øvre og den nedre delen er åttekanta. Sjølve reisverket er ein innkledd stokk og kledningane er

festa med kraftige trenaglar. Oppå fonten ligg ei kanta dekkplate med opning til eit dåpsfat. Dåpsfatet er av tinn og det kan vera minst like gammalt som sjølve døypefonten sidan han er forma for å tilpassa seg fatet. Tinnfatet har to stempelmerke som truleg står for namnet på produsenten med initialane KAS og dessutan to løver med hellebardar.

I 1927 fekk Volbu kyrkje ein ny døypefont i gåve av billedhoggaren Sigri Welhaven Krag (f. 1894). Ho hadde nære band til Volbu sidan familien hadde hytte her. Kunstnaren hadde laga ein font i kvit og blå fajanse som var i bruk til 1968. Då vart den gamle døypefonten teken inn att.

Sidan 1980 har eit vakkert døypefontklede pryda døypefonten. Ragnhild Onstad (1919-2009), som var gardkone på Nørre Onstad, nytta teknikken firfletting og skapte ein krans rundt dåpsfatet. Med utgangspunkt i materialar frå skogen i timeglasform heng dei jordnære lintrådane som eit lysande slør over tida og livsvegen til dåpsbarnet.

Døypefont i Volbu Kyrkje. Foto: Saskia Aleida Van Veen



Takk for alle dåpsdukane, Ruth!

TEKST OG FOTO: ELI DØVRESØDEGÅRD SKATTEBU

I Norge er me gode på dugnadsarbeid. Det kjem til nytte og glede på so mange måtar. I Øystre Slidre og nokre andre stader har sokna ein fin tradisjon med å gje dåpsduk til alle borna som blir døypte. Tradisjonen kom til Øystre Slidre i 1995, og Hegge var fyrst ute.

Min gamle nabo Ruth Tvenge har nyleg måtte seia frå seg arbeidet med å lage dåpsdukane. Me avtalar ein prat om arbeidet hennar rundt lunsjbordet hjå meg. Mange kjenner sikkert Ruth frå vevkurset hennar. Der har mange lært å veva vakre ting, og med å vidareføre kristneteppe tradisjonen vår.

- Har du sydd mange dåpsdukar?

- Ja, det har nå vorte ganske mange, smiler Ruth. Den fyrste duken var til ein dåp den 20. januar 2002. Ho har skreive opp namn og dåpsdato på alle, og reknestykket endar med eit imponerande antal på 170. Så rundt omkring

i Rogne sokn finns det svært mange dåpsdukar som Ruth har brodert. Det er mange timars arbeid! Ho skundar seg å fortelja at arbeidet gjer ho saman med Kjellfrid Fjelltun som faldar og lagar holsaum rundt. Så dette har vore godt samarbeid mellom desse netthendte kvinnene i Skattebugrenda.

- Vil du fortelja litt meir om arbeidet med dåpsdukane?

- Etter at dette vart ein tradisjon og alle sokna etter kvart tok den i bruk, har kvart sokn sett sitt eige preg på dukane ved at fargene på broderinga er ulike. Eg er glad i handarbeid og har kosa meg med arbeidet. Og medan eg syr, tenkjer eg på den nye verdensborgaren eg broderer til, og mange av familiane kjenner eg.

- Nyleg fekk Ruth augeproblem som gjer at arbeidet blir vanskeleg. No må stafettspinnen gjevast vidare til nye krefter. Mange takk Ruth, for alle timane du har lagt ned på arbeidet med dåpsdukane. Det er fine minner for familiane frå dåpsdagen.



Heilt fyrsteklasses gudsteneste i Rogne og Hegge!

Sundag 23. august var Rogne kyrkje og Hegge kyrkje fylt av flotte fyrsteklassingar, som hadde teke turen til kyrkja for å få «Mi kyrkjebok».

I Rogne kyrkje (bilde over) møtte Jenny Bredesen, Emily Lahaug Fjelltun, Kristiane Liaskar Granli, Annie-Badhatu Dadafo Hovi, Frida Klevgård Hovi, Oddvar Bakken Myrvold, Elina Rogne, Henriette Bakken Rogne, Sigrid Skaret og Karolina Scelyte. FOTO: ESPEN ROGNE

I Hegge kyrkje (bilde til venstre) møtte: Sander Dalen, Amalie Evelyn Nilsen Skolte, Markus Skrebergene, Strom Lien Sletten og Fynn James Phillips. FOTO: ANITA RUDI.

Bilder frå konfirmantane si pilegrimsvandring hausten 2020.

Foto: ELI VATN



Alltid lys i tunellen, og vi sang "Deg være ære."



Vi samlast ved Gapahuken til øving på nattverd.



Endeleg målet i sikte, Hegge kyrkje.



Pilegrimane på veg inn til gudstenesta i Hegge kyrkje.



Som alltid, bygdekvinne tok imot med prima traktering, så vi kjente oss mest borskjemt for å sitere ein konfirmant!



KYRKJELEGE HANDLINGAR

MARS 2020 - SEPTEMBER 2020

DØYPTE

HEGGE KYRKJE:

Pernille Nordtorp
Liam Fahre Borgvad
Alfred Sunvor Hjortset

ROGNE KYRKJE:

Shaban Nordli Holden
Liander Quezada Kolstadbråten
Lilly Maria Fjellheim Ortega
Amalie Hermundstad Aasbakken

ROGNE SOKN:

Lucas Renè Bolstadbråten (Stølsmesse Lie)
Andreas Steinsrud Wangenstein (Synhaugen)
Håkon Rogne Dahlen (Olægeret)

VOLBU KYRKJE:

Andris Skattebu Alund
Marina Sofie Robøle
Felix Elias Solhaug
Vetle Nøbben Holien

LIDAR KYRKJE:

Brage Andreas Paaby Hjelle Stølen
Lara Grønolen Brix

LIDAR SOKN:

Otilie Røe Lykken (Hasla Kyrkje)

VIGSEL

LIDAR KYRKJE:

Eli Anne Bakkene Løksa og Håvard Festø
Ida Benedicte Svendsen og Lars Haakon Søndrol Silberg

ROGNE KYRKJE:

Sigrid Nygård og Harald Hovda

LIDAR SOKN:

Marianne Gjerdingen og Ole Gustav Rostad

DØDE

LIDAR SOKN:

Astrid Solveig Beito
Kristina Johanna Lie
Olav Dahle

HEGGE SOKN:

Synnøve Paulsrud
Bo Albert Victor Carlsson
Randi Stølen
Anne Dahl
Ellen Elisabeth Bredal Hegge

ROGNE SOKN:

Gunnar Egil Skatteboe
Oddlaug Grethe Martinsen
Ivar Steinsrud

Ola Røe

Harald Oddvar Nereng
Rolf Konrad Prestrud
Marit Kjensli
Liv Margot Rudi
Ingrid Synnøve Hermundstad

VOLBU SOKN:

Tor Ove Windingstad
Halldor Mattisgard

Bibel til prestekontoret

- Eg har noko eg lurar på om de kunne bruke! Knut Jan Moen kjem ned til meg på kontoret ein dag før jul, og under armen har han den største bibelen eg har sett. Vakkert illustrert. Om vi kunne bruke han!

- Ja, det kunne vi!
No er han del av eit vakkert lite altar på kontoret mitt!
Tusen takk!

- Eli



VELKOMEN TIL KYRKJE!

Sjå Avisa Valdres for eventuelle endringar.

FULLDISTRIBUSJON

Oktober

04 10 2020 LIDAR KYRKJE KL. 11.00

Gudsteneste ved prost Carl Philip Weisser. Takkoffer Redd Barna

18 10 2020 HEGGE KYRKJE KL. 11.00

Gudsteneste ved Eli Vatn. Takkoffer Barn og Ungdomsarbeid i soknet.

25 10 2020 ROGNE KYRKJE KL. 11.00

Gudsteneste med dåp.
Gullkonfirmanttreff ved sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Kirkens SOS

November

01 11 2020 HEGGE KYRKJE KL. 19.30

Helgemesse ved sokneprest Eli Vatn.

08 11 2020 VOLBU KYRKJE KL. 19.30

Songgudsteneste ved sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Kyrkjebladet

22 11 2020 LIDAR KYRKJE KL. 11.00

Gudsteneste. Dåp ved sokneprest Eli Vatn.

LIDAR KYRKJE KL. 19.00 Konsert.

29 11 2020 ROGNE KYRKJE KL. 11.00

Gudsteneste. Dåp ved sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Redd Barna

Desember

06 12 2020 VOLBU KYRKJE KL. 11.00

Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Stabburshella.

Den gylne time

Den gylne time er utsett på ubestemt tid, grunna koronavirus og stengt lyskapell.

Pusterom

I Volbu kyrkje:

19. oktober, 9. november og 7. desember
Ope kyrkje i Volbu frå kl. 18.00.
Felles meditasjonsstund frå kl. 18.30.

Desember forts.

20 12 2020 HEGGE KYRKJE KL. 19.30

Vi syng jula inn ved sokneprest Eli Vatn og konfirmantane.

22 12 2020 SKULEGUDSTENESTER

ved sokneprest Eli Vatn
LIDAR KYRKJE KL. 08.30
ROGNE KYRKJE KL. 10.00
VOLBU KYRKJE KL. 11.30

24 12 2020 LIDAR KYRKJE KL. 13.00

Julaftangudsteneste ved prost Carl Philip Weisser.

Takkoffer Kyrkjebladet På kyrkjeveg.

LIDAR KYRKJE KL. 14.30 Julaftangudsteneste ved prost Carl Philip Weisser.

Takkoffer Kyrkjebladet På kyrkjeveg.

ROGNE KYRKJE KL. 14.30 Julaftangudsteneste ved sokneprest Eli Vatn.

Takkoffer Rogne kyrkjestogo.

HEGGE KYRKJE KL. 16.00 Julaftangudsteneste ved sokneprest Eli Vatn.

25 12 2020 HEGGE KYRKJE KL. 12.00

Høgtidsmesse ved prost Carl Philip Weisser.

Ø.S SJUKEHEIM KL. 17.00 Julegudsteneste ved prost Carl Philip Weisser.

VOLBU KYRKJE KL. 19.30 Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Frelsesarmeen Fagernes.

31 12 2020 VOLBU KYRKJE KL. 15.00

Nyttårskonsert.

Salmekvelder

i Rogne kyrkjestogo: 12. oktober, 16. november og 14. desember

Babysong

6. oktober, 27. oktober, 17. november, 1. desember, 12. januar og 26. januar 2021 i Rogne kyrkjestogo kl. 11.00.

Babyar mellom null og eit år er hjarteleg velkomne saman med foreldra til ei koseleg stund med song, musikk og lett servering. Sjå òg kyrkja si Facebookside.

HELGEMESSE

Helgemesse er den sundagen i kyrkjeåret vi på ein særskild måte minnest dei i kyrkjelydane som har døydd frå oss det siste året.


Vi les opp namna tenner ljøs, og mange nyttar dagen til ein tur på kyrkjegarden.

Men messa er ikkje berre for dei som ber på sorg og sagn, sundagen er også til minne om «dei heilage» helgenane. Difor er sundagens farge den kvite festfargen og ikkje den fiolette sørgefargen.

Dette er sundagen der vona om himmelen får stor plass, både i salmar og tekstlesingar.

Sjølv om dei pårørande til dei som har gått bort får særskild invitasjon i posten, er messa for alle.

Messa er for heile Øystre Slidre i Hegge kyrkje den 1. november kl. 19.30.



Frå helgemesse i Hegge Stavkyrkje.
Foto: Saskia Aleida Van Veen

KYRKJA SI HEIMESIDE:
www.kyrkja.no/oystre-slidre

KYRKJA ER ÒG PÅ FACEBOOK.
[/Kyrkja-i-Øystre-Slidre](https://www.facebook.com/Kyrkja-i-Øystre-Slidre)

Her fortel vi om hendingar og opplegg knytt til kyrkjer og kyrkjeliv i kommunen.

